

23.02.2011

Kom med fleire loppar!



Gianni Rebaudo i loppe-haugen på Husnes.

Fredag mellom klokka 16 og 18 kan folk komma med fleire loppar til Aktivitetshuset i Uskedalen der Lions Kvinnherad skal ha loppemarknaden sin dagen etter fra klokka 11 til 15.

Det er ei allereie imponerande samling loppar kasserar Gianni Rebaudo kan presentera for uskedalen.no i den gamle Senter-garasjen på Husnes, men det er på ingen måte sett stopp for innsamlinga. Lions-medlemmene kan også halda fram og henta. Det skal gjerast ein runde i morgen.

Alle dei 30 medlemmene er mobilisert i denne storsatsinga. Det er første gong Lions i kommunen arrangerer loppemarknad, men hvis denne blir vellukka er meinings å gjera dette til eit årvisst arrangement.

- Vi har ikkje nokon erfaring og er litt spente, innrømmer Rebaudo og viser oss gjenstandane som er kome inn til no og som skal sorterast og prisast fredag av ein spesiell komite.

Her er nokre av loppane. Mange av dei kom inn under innsamlinga sist lørdag på Husnes og i Uskedalen: Små møbler, ski av varierendeårgang, koppar, glas, solarium, sjakksett med brikkar av bly, bøker, leikar, sengebotn, stressless-stol, måleri, grill, kjelke og lampar. I denne omgangen satsar dei ikkje på klede, men det kan bli aktuelt neste gong.

Klubben har ikkje blinka ut noko spesielt føremål som inntektene skal gå til, men det er eit prinsipp i Lions at også lokale tiltak skal bli tilgodesett i tillegg til dei internasjonale og nasjonale.

Rebaudo fortel at Lions-medlemmene også vil steike vaflar for sal under loppemarknaden.

- Og så bør vel du syngja operaduett saman med sonen din for å fremja salet?
- Det blir nok ikkje aktuelt, i alle fall ikkje denne gongen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen